



Hemsedal kommune

Arkivsak-dok. 20/00995-2
Saksbehandler Reidun Katrine Halland

Saksgang
Formannskapet
Hovudutval for Livsløp
Hovudutval for Plan og Ressurs
Kommunestyret

HANDLINGSPROGRAM OG ØKONOMIPLAN 2021-2024, BUDSJETT 2021

Saka vert avgjort av:

Kommunestyret

Vedlegg:

Handlingsprogram og økonomiplan 2021-2024

Dokument i saka:

Handlingsprogram 2020-2023 samt budsjett 2020
Kommuneplan – samfunnsdel og arealdel
Tertialrapport 1 – 2020
Tertialrapport 2 - 2020

Saksopplysningar:

Kommunestyret skal etter økonomireglementet behandle:

- Handlingsprogram for dei neste 4 åra (2021 – 2024)
- Økonomiplan for 2021 – 2024
- Budsjett for 2021, der fyrste år i økonomiplanen er budsjett for neste år

Framlagt handlingsprogram og økonomiplan med budsjett er basert på lover og føresegner, samfunnsdelen i kommuneplanen og vidareføring av drifta i dag. I tillegg er det tilrådd endringar i drifta gjennom nye tiltak og omprioriteringar ut frå politiske vedtak som er gjort både sentralt og lokalt i løpet av 2020.

Handlingsprogrammet skal definere mål og strategiar for å nå måla. Nytt frå 2021 er at det er definert resultatindikatorar knytt til dei definerte tiltak som er oppretta for å nå måla i samfunnsplanen.

Økonomiplanen skal definere handlingsrommet for å nå måla. Det skal leggjast til grunn realistiske anslag på framtidige inntekter og utgifter. Fyrste år i økonomiplanen er å definere som neste års budsjett.

Prosesen:

Administrasjonen sine første vurderingar rundt handlingsprogram og økonomiplan med budsjett vart presentert på politisk arbeidsdag 27.10.20. Drøftingsmøte med tillitsvalde vart gjennomført 28.10. Dei tillitsvalde tok informasjonen om handlingsprogram, økonomiplan og budsjett så langt til orientering.

Forhold til overordna plan:

Mål og strategiar i handlingsplanen er bygd opp kring dei 4 målområda som er vedteke i samfunnsdelen: 1. Bulyst, 2. Livsløp, 3. Miljø og 4 Næringsliv

Helse-/miljø og beredskapstilhøve:

Kommunen har god kompetanse og gode beredskapsplanar. Arbeidet med koronasituasjonen krev sitt. Me er no inne i den åttande månaden med intensiv fokus på arbeidet med å begrense konsekvensane av koronasituasjonen. Me ser slitasje i alle ledd, med spesiell belastning innan helse, oppvekst og reinhald.

Kommuneleinga ilag med lokale samarbeidspartar arbeider godt med å gjere Hemsedalsamfunnet så godt rusta som mogleg for ein ny vintersesong.

Koronasituasjonen vil påverke 2021 på fleire områder. Dette er nærare omtalt under dei ulike kapitla i vedlagt handlingsprogram og økonomiplan.

Økonomiske konsekvensar:

I rapport for 2. tertial 2020 melde kommunedirektøren at tenesteproduksjonen og evna til å følgje opp politiske vedtak i 2020 var sterkt råka av koronapandemien.

Denne situasjonen vil følgje oss langt inn i 2021. Dei venta økonomiske effektane av koronapandemien er budsjettert med prosjekt i 2021, med ein forventa kompensasjonsgrad frå staten på 80%.

Økonomien i planperioden vert påverka av at rammetilskot frå staten er synkande utover i økonomiplanperioden. I ny framskriving av folketalet er det berekna at Hemsedal skal ha ei befolkning på 2 792 i 2030. Det betyr i snitt 30 nye innbyggjarar i året. Dette er noko nedjustering frå førre SSB prognose.

Vurdering:

Hemsedal kommune er ein kommune i vekst og ein attraktiv vertskommune for eit næringsliv som ynskjer å satse. Det inneber at kommunen må fylgje opp med satsingar på fleire områder. Det er særskilt kommunen sine roller som tenesteytar og samfunnsutviklar som vert utfordra.

I økonomiplanperioden er det lagt til grunn at kommunen må nytte det økonomiske handlingsrommet det vart opna for då kommunen vedtok å innføre allmenn eigedomskatt. Eigedomskatten er særskilt tenkt nytta til å dekke finanskostnader knytt til investering.

Kommunen står føre investeringar på om lag kr 300 millionar i økonomiplanperioden. I eit 10-års perspektiv vil investeringane utgjere kr 533 millionar. Bærekraften i eit slikt investeringsnivå må vurderast nærare i økonomiplanperioden. Både samfunnsdelen og vurderingar knytt til arealrekneskap må gjennomgåast nøye.

Kommunedirektøren kan ikkje tilrå å ta ned aktiviteten i 2021 utover dei føreslegne tiltaka. Det er difor lagt opp til at deler av eigedomskatten må finansiere ordinær aktivitet knytt til administrasjon, plan og utvikling i driftsbudsjettet. Grunngeving for det er:

1. Kommunen er midt i ein pågåande pandemi. Organisasjonen er pressa på kapasitet, ressursar og kan ikkje frigjere menneskap til å gå i gang med å vurdere nye effektiviseringstiltak
2. Organisasjonen skal samstundes møte dei politiske forventningane til tenesteomfang og kvalitet, samt møte planlagte vekstsambisjonar i vedteken samfunnsdel
3. Organisasjonen står midt i eit omfattande arbeid med klagehandsaming etter innføring av allmenn eigedomsskatt
4. Organisasjonen arbeider med vedtekne omstillingsprosjekt innan oppvekst og omsorg

Framlegg til budsjett for 2021 inneber difor at Hemsedal vidarefører aktiviteten som i 2020 samt ta inn nye driftstiltak vurdert som naudsynte. Det sikrar t.d. at rettighetbasert tenester er dekkja og at etterslep på vegvedlikehald, trafikktryggingstiltak, og overtaking av vegar er teke økonomisk høgde for. Det er innarbeidd forventning om effektiviseringstiltak utover i økonomiplanperioden.

Kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett/økonomiplan innber at eigedomsskatten på fritid/bustad vert trappa opp til 4 promille i økonomiperioden. Eigedomsskatt på næring er foreslått vidareført med 7 promille i økonomiplanperioden.

Eigedomsskatten vil for ein gjennomsnittleg bustad, med 2 promille, vere kr. 4 313 i år 2021. Same tal for fritidseigedom vert kr. 4 551. På maks nivå i 2024 vert snittpris pr. bustad kr. 8 626 i året. Skatt for ein gjennomsnittleg fritidsbustad vil tilsvarande ligge på kr. 9 102 i året.

Dette vil sjølvst påverke økonomien til innbyggjarane og hytteeigarane på ein negativ måte. Me skal ikkje ta lett på å legge høgare skattar på innbyggjarane. Det er difor viktig at administrativ og politisk leiding i kommunen gjer nøye vurderingar rundt bærekraften i kommunen sine satsingar og økonomiske vurderingar knytt til vidare utvikling av kommunen. Satsingar og prioriteringar må målbærast på ein tydeleg og truverdig måte.

Tal innhenta frå KS sitt eigedomsskatteforum viser at eigedomsskatten på ein gjennomsnittleg bustad (120 m²) i snitt ligg på kr. 3 883 no i 2020. Då strekk spennet seg frå under tusen kroner til rundt åtte tusen kroner. Av landet sine 356 kommunar er det 319 kommunar som krev inn kommunal eigedomsskatt. Om lag halvparten av kommunane har takstar frå 2015 eller eldre noko som påverkar skissert skattenivå.

Nærare om dei føreslegne tiltaka i økonomiplanperioden er å finne i vedlagt

handlingsprogram og økonomiplan. Tiltaka går i korte trekk på:

Nye tiltak drift:

Livsløp: m.a. rettighetsbaserte tenester, nattevaktressurs open omsorg, læremidlar/skulebibliotek, lærling, dagtilbod demente, velferdsteknologi, administrasjonsressurser omsorg.

Teknisk: m.a. vegvedlikehald, trafikktryggleikstiltak, overtaking drift av diverse vegar, gang/sykkelveger, driftsressursar knytt til vaktordning teknisk, administrasjonsressursar reinhald.

Av andre ting kan nemnast at framlegg til økonomiplan opprettheld finansiering av Hemsedal Utmarksservice på same nivå som 2020. Det ligg også ei auke av tilskot på kr. 400.000,- til samla kr. 950.000,- for å følgje opp samarbeidsavtalen med Hemsedal Turisttrafikklag. Lønsmidler til kulturstilling ligg inne.

Innsparingar drift:

Velferdsteknologiprojektet og Sentralskule 3-1 er to sentrale tiltak som både har innovasjons- og effektiviseringseffekt i seg.

Utover dette er det lagt opp til at administrasjonen i 2022 og utover skal vidareføre arbeidet med effektiviseringsprogrammet som vart starta opp i 2020. Det er lagt til grunn innsparing både på kommunalt og interkommunalt nivå.

Det er i 2021 lagt opp til noko vakansar på teknisk.

Kommunedirektøren si innstilling:

Kommunestyret i Hemsedal vedtek:

1. Handlingsprogram for 2021 – 2024 med mål og strategiar
2. Økonomiplan 2021 – 2024
3. Årsbudsjett 2021 med følgjande hovudpunkt:
 - 3.1 Skatt på inntekt og formue blir likna ut i samsvar med dei maksimalsatsar som Stortinget har vedteke.
 - 3.2 Kommunestyret vedtek følgjande for eigedomsskatteåret 2021 i Hemsedal kommune:

Det skal skrivast ut eigedomsskatt på faste eigedomar i heile kommunen, jf. Eigedomsskattelova (Esktl.) §§ 2 og 3, fyrste ledd, bokstav a

Det skal vidare skrivast ut eigedomsskatt på eit «særskilt fastsett grunnlag» i samsvar med overgangsreglane til Esktl. §§ 3 og 4 fyrste ledd. Det særskilte grunnlaget skal i

2021 vere lik 4/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som har sin årsak i nye verdsettingsregler og at produksjonsutstyr og –installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget for verk og bruk som frå og med 2019 vart å sjå på som næringsseigedom.

Den alminnelege eigedomsskattesatsen er 7 % , jfr. Eskl. § 11, fyrste ledd

Differensiert skattesats for eigedomar med sjølvstendige bustaddelar er 2 % , jfr. Esktl. § 12, bokstav a. Den same satsen skal også leggst til grunn for fritidseigedomar.

Takstvedtekter for eigedomsskatt i Hemsedal kommune vedteke i K-sak 75/2017 skal gjelde for eigedomsskatteåret 2021, jf. Eskl. § 10

Eigedomsskatten skrivast ut i to terminar, jfr. Esktl. § 25, fyrste ledd. Terminar for forfall vert sett til 1. april og 1. oktober.

For skatteåret 2021 fritek kommunestyret eigedom til stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagna ein kommune, eit fylke eller staten, jfr. Esktl. § 7, bokstav a

For skatteåret 2021 fritek kommunestyret bygning som har historisk verdi, jfr. Esktl. § 7, bokstav b. Bygning av historisk verdi vil seie bygningar som er automatisk freda eller vedtaksfreda etter kulturminneloven. Kommunedirektøren vert gjeve fullmakt til å administrere dette.

3.3 Driftsbudsjett i samsvar med «Økonomisk oversikt drift».

3.4	- Sum driftsinntekter	kr.	283 241 000
	- Sum driftsutgifter	kr.	288 536 000
	- Korr. Avskrivninger	kr.	-14 178 000
	- Netto finansutgifter	kr.	10 955 000
	- Netto avsetning til fond	kr.	-179 000
	- Netto avsetning bunde driftsfond	kr.	60 000

Investeringsbudsjett i samsvar med «Bevilgningsoversikt investering»

	- Brutto investering kommunen	kr.	198 020 000
	- Tilskudd til andres investeringer	kr.	3 860 000
	- Eigenkapitalinnskott	kr.	585 000
	- Startlån	kr.	3 000 000

Finansiert slik:

	- Bruk av lån – kommunale invest.	kr.	166 927 000
	- Bruk lån – unytta Startlån	kr.	3 000 000
	- Bruk av investeringsfond	kr.	7 680 000

- Bruk av inv.fond – egenkapitalinns	kr.	585 000
- Mva.refusjon	kr.	27 273 000

Låneramme på kr. 166 927 000 slik

- Finansiering av nye investeringar	kr.	166 927 000
-------------------------------------	-----	-------------

Kommunedirektøren får fullmakt til å godkjenne lånevilkår innfor nemnde låneramme

3.5 Utbytte frå Hemsedal Energi AS/sal av kraft kr. 7.000.000,-

3.6 Gebyr, avgifter og satsar for betaling av tenester som synt til i kapittel 8 i Handlingsprogram og økonomiplan 2021 – 2024

4. Finansielle måltall for utvikling av kommunen sin økonomi (jfr. Kommunelova § 14-2 c)

- Netto driftsresultat på gjennomsnittleg 1% av driftsinntektene
- Gjeldsgrad (netto lånegjeld i % av driftsinntektene) på maksimalt 90%
- Disposisjonsfond på minst 20% av driftsinntektene